



Dato: 29.11.2017

Antall sider:

2

Fråver på grunn av langvarig sjukdom

1 HENSIKT

Hensikten med prosedyren er å få til tidleg koordinering av handling og ressursbruk retta inn mot elevar som har høgt fråver frå undervisning i grunnskulen grunna langvarig sjukdom. Prosedyra skal gje gode rutinar for registrering og oppfølging av slikt fråvær.

Generelt:

- Dei fleste born og unge går på skulen frivillig og utan problem. Det er likevel nokon som har vanskar med å kome seg på skulen, og det er viktig med informasjon om korleis skulen møter elevar med høgt fråvær.
- Rektor må gjennomgå fråværsrutinane med sitt personal ved oppstart av kvart skuleår.
- Informasjon om rutinar må gis på foreldremøte, og ein må gje gode signal på kva som er «akseptable» fråværsgrunnar. Gode rutinar for kommunikasjon mellom heim og skule er viktig.
- TBU er ein viktig samarbeidspart i saker der elevar har høgt skulefråvær. Høgt fråvær er:
 - Fråvær over 15% rekna over maks 3 månader.
 - Hyppige forseintkommingar.
- Tiltak etter prosedyra nedanfor skal dokumenterast med logg og møtereferat. Lagrast i eleven si mappe i Websak.
- Foreldra/føresette skal vere kjend med prosedyren.

2 OMFANG OG ANSVAR

Alle tilsette lærarar og leiarar i Sula kommune er ansvarlege for å følgje prosedyren.

3 HANDLING

	Dette gjer vi	Ansvar
1	Kontaktlærer og faglærer skal registrere alt fråvær.	Kontaktlærer og faglærer
2	Føresette skal levere skriftleg melding til skulen ved alt fråvær, også timefråvær. Etter avtale med kontaktlærer, kan melding om fråvær også gis over telefon, sms eller på epost. Viktig at melding vert gitt om morgonen ved fråvær.	Føresette
3	Ved fråvær over meir enn tre dagar skal føresette ta kontakt med skulen og melde frå om årsaka til fråværet. Kontaktlærer må ta kontakt med føresette om skulen ikkje får melding.	Føresette Kontaktlærer
4	Dersom ein elev har langvarig fråver på grunn av sjukdom, skal kontaktlærer ta dette opp med elev og føresette, og drøfte tiltak. Kontaktlærer skal orientere leiinga ved skulen skriftleg.	Kontaktlærer



Dato: 29.11.2017

Antall sider:

2

	Når fråvær skuldast kronisk sjukdom eller ein er under behandling, skal ein levere legeerklæring. Rektor skal skriftleg informere føresette om plikt og rett til grunnskuleopplæring jfr. Opplæringslova § 2-1.	Føresette Rektor
4	Dersom fråværet held fram, blir elev og føresette kalla inn til samtale på skulen og får tilbod om å drøfte situasjonen og tiltak i SamBa som er eit tverrfagleg samarbeidsteam. Aktuelle tiltak kan vere samtalar med helsesøster, melding til PPT og /eller BUP (sistnemnde via fastlege eller barnevern). Dersom det er mistanke om omsorgssvikt, eller eit barn viser vedvarande åtferdsvanskar, har skulen plikt til å informere barneverntenesta. I saker med høgt fråvær skal skulen underrette føresette om melding til barnevernet.	Rektor
5	Når elevar er langvarig sjuke kan det vere naudsynt med ei medisinsk vurdering for å få opplyst saka. Det må leggast stor vekt på denne.	Føresette
6	Når eleven har langvarig fråvær på grunn av sjukdom, kan kommunen ha plikt til å gje eleven opplæring på andre arenaer, t.d. i heimen. Det må då gjerast ei konkret og skjønsmessig vurdering av om eleven får oppfylt sin rett til opplæring og får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Eleven må meldast til PPT, som må utarbeide sakkunnig vurdering der det går fram at eleven har behov for opplæring i heimen, evt. i kombinasjon med opplæring i skulen. Omfanget av opplæringa vil vere avhengig av kor mykje eleven kan vere i stand til å motta. Rektor må gjere vedtak om spesialundervisning, det må utarbeidast IOP og årsrapport (Jfr. Opplæringslova og kommunale rutiner)	Føresette Rektor PPT Rektor
7	Kommunen kan frita elevar frå heile eller delar av opplæringa når omsynet til eleven tilseier dette. Det gjeld i heilt særskilde unntak og kun med foreldresamtykke. Sakkunnig vurdering frå PPT skal utarbeidast som grunnlag for kommunen sitt vedtak. Eleven vil likevel ha rett til vidaregåande opplæring.	Føresette PPT Rektor

4 REFERANSER

Opplæringslova

Barnevernslova

Forvaltningslova